



Radøy kommune - ungdomskordinator
Katarina Birkeland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/728 - 14/7152

Saksbehandlar:

Lin Tove Thomassen

lin.tove.thomassen@radoy.kommune.no

Dato:

23.06.2014

Svar på søknad om midlar til sommaraktivitet

Viser til søknad, datert 27.05.14 om tilskot til sommaraktivitetar for born og unge frå Radøy ungdomsråd og Radøy ungdomsklubb. Dei ønskjer å tilby ungdom organiserte aktiviteter dei to første vekene i juli.

Radøy kommune ser at det er viktig at born og unge vert inkluderte i eit godt miljø og at dei har fritidsaktiviteter som engasjerer og stader å samlast.

I kulturplanen for Radøy kommune er eit av målsetjingane at born og unge skal ha eit allsidig og positivt fritidstilbod. Sommaraktiviteter som fridykking, kajakkpadling, klatring og bogeskyting i nærmiljøet er eit flott fritidstilbod til dei unge.

Radøy kommune gjev Radøy ungdomsråd og Radøy ungdomsklubb kr 5000,- i tilskot. Send oss ei tilbakemelding om kontonr og pengane vil verte overført.

Med helsing

Lin Tove Thomassen
leiar kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Radøy kommune -
ungdomscoordinator